



Til medlemmane i samarbeidsutvalet på Lye skule:

Bjørghild Underhaug:	folkevald politikar
Kjetil Horvei:	leiar FAU (forfall)
Anja Schubert:	foreldrerepresentant SFO
Maria S Vigre:	elev
Nicolai Steen:	elev
Margrethe Hauge:	lærar
Valbjørg Siqveland:	lærar
Iselin Eik:	leiar SFO
Sigrid Kjetland:	rektor

Referat frå møte i samarbeidsutvalet 07.03.2019 på Lye skule

Sak 1 Velkomen

Rektor gjekk gjennom Lye skule sine resultat på nasjonale prøver, elev – og foreldreundersøkinga. Nasjonale prøver viser at Lye skule har nådd målet sitt inneverande skuleår om å ha færre elevar på nivå 1 og fleire på nivå 3.

Elevundersøkinga melder om høg trivsel, nokon elever melder at dei får for lite faglege utfordringar. Det vil skulen fortsetje å ha fokus på å forbetre.

Rektor fortalde at ho har vore å snakke med elevane i elevrådet om tilbakemeldingane på undersøkinga, då fortel elevane at dei er usikre på kva elevmedverknad er.

Det var ca. 63% prosent som svarte på foreldreundersøkinga. Jamt over gode tilbakemeldingar. Føresette melder at dei opplever at lærar bryr seg om og er oppteken av eleven si faglege utvikling. Dei melder og at dei opplever det enkelt å ta kontakt med skulen.

Sak 2 Utkast til nytt ordensreglement for Time kommune

SU er positive til det nye ordensreglementet. Liker ordlyden. Bra at det er så oversikteleg og tydeleg knytta opp mot paragrafar.

Me snakka om bortvisning, skulen kan i enkelte tilfelle fjerne elevar frå undervisning for å beskytte elev og medelevar t.d. ved utaggingar. Har ikkje i praksis brukt regelen om bortvisning i barneskulen.

Ang bruk av mobiltelefon, viktig at skulane har eigne skulereglar for bruk av mobiltelefon. Der har skulen hatt prosess i elevråd og FAU og har eigne skulereglar. Mobilen skal liggje avslått i sekken (på eige ansvar jmf ordensreglementet). Mobile skal ikkje brukas på skulen. Alle elevar har iPad som digitalt læringsverktøy på skulen.

Innspel frå SU: det bør stå noko om dei vaksne på skulen si rolle jmf reglar og plikter som står beskrive i ordensreglementet.

Sak 3 Eventuelt

Ingen saker.

Sigrid Kjetland
-referent-